



## Årdal kommune

### Forskrift om utvida bandtvang for hund i Årdal kommune

Vedteke i kommunestyret 26.11.2009. Sak nr: 051/09

#### § 1. Verkeområde og definisjoner

Denne forskriften omfattar hundehald i heile Årdal kommune, og for alle som bur eller oppheld seg i kommunen. Forskriften supplerer vedtekter gjevne i lov av 4.juli 2003 nr.74, og må sjåast i samanheng med denne.

Føresegna gjeld ikkje for:

- a) Hund som vert nytta i reindrift
- b) Dressert gjetarhund for vakting/gjeting av bufe
- c) Tenestehund i aktiv teneste eller under trening
- d) Jakthundar i bruk ved lovleg jakt. Ein føresetnad er at hundene er gjort såkalla "sauereine".
- e) Ettersøkshundar under trening og lovfesta ettersøk på skadeskutt eller trafikkskada hjortevilt.

Med bandtvang meiner ein i denne forskriften at hundehaldar skal halde hunden i fysisk band eller forsvarleg inngjerda eller avstengt.

#### § 2. Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

I tida frå 1.april til 1.november pliktar eigar eller innehavar av hund i Årdal kommune å halda hunden i band, forsvarleg inngjerda eller innestengd.

#### § 3. Bandtvang i område av omsyn til menneske

Det er bandtvang i maskinpreparerte skiløyper heile året. Dersom nokon har med seg hund i maskinpreparerte skiløype, skal ikkje denne være til hinder for andre brukare.

#### § 4. Ro orden

Hundehaldar pliktar straks å fjerne ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad.

Ekskrement skal deponerast på dertil eigna stad og ikkje kastast i naturen.

Med offentleg stad forstår ein i denne forskrift gate, veg, herunder fortau, sti, park, torg, eller liknande stad, bru, bryggje, kai, strand, anlegg, maskin preparerte skiløyper eller anna stad der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsel.

Hundehaldar må syte for at alminneleg ro og orden vert ivaretake, som at hund skal passast slik at den ikkje uroar nokon med vedvarande gøyning eller liknande.

#### § 5. Område der hunder har ingen eller avgrensa tilgang

Hundar har ikkje tilgang til barnehage og skuleområdar utan avtale. Andre aktuelle områder

blir skilta med forbudsskilt. Dette gjeld ikkje førarhund eller hjelpehund.

### **§ 6. Fullmakt til utviding av forskriften**

Administrasjonen har fullmakt til å utvide tidsrommet forskriften gjeld for, viss det er nødsamt  
for å verne viltet, til dømes viss det er særer vanskelege snø- og beite tilhøve for reinsdyr  
(ising).

### **§ 7. Dispensasjon**

Kommunen kan, etter søknad, dispensere ifrå vedtekten om bandtvang gjevne i hundelova  
eller denne forskrifta.

### **§ 8. Straff**

Brot på denne føresegna er straffbart og kan straffast etter §28 i hundelova

### **§ 9. Ikrafttredelse**

Denne forskrifta tek i kraft straks etter den er vedteke, og er gjeldane til det kjem ein ny  
hundelov slik at gjeldane forskrift må opphevast, eller det blir skreve ei ny forskrift.